

---

**Fra:** Nina Søvik Mjømen <nina@arkoconsult.no>  
**Sendt:** 1. desember 2015 15:38  
**Til:** Knut Bjørnevoll  
**Kopi:** Pål Kjetil Tufta  
**Emne:** Spørsmål ang. Lindås Brygge Gbnr. 108/515 m.fl  
**Vedlegg:** 58515106A01 - SITUASJONSPLAN 1000.pdf; 58515106A01 - SITUASJONSPLAN med reguleringsplan 1000.pdf; 58515106A01 - SITUASJONSPLAN med reguleringsplan.pdf

**Kategorier:** Under behandling

Hei,

Vi har tidlegare vore i kontakt kva gjeld søknad om dispensasjon frå Kommuneplanen sin arealdel for utlegging av bølgebrytar. Det har no dukka opp nye spørsmål som treng avklaring. Dette i samband med at det er mykje motstridande informasjon både via kart, reguleringsplankart, flyfoto, merknadar frå naboar og frå dykk (både vedtak og vegleiing).

Dette er det vi har hatt å ta utgangspunkt i.

- 1) Eksisterande brygge ligg i fylgje kommunen 12 meter utanfor reguleringsplanen si avgrensing
- 2) Gjeve løyve til bølgebrytar utanfor Gbnr. 108/33 legg til grunn at denne kjem ca. 4 meter frå den same reguleringsplangrensa. Jf. vedtak Lindås kommune saksnr.: 15/393 - 15/7383
- 3) I søknad frå 30.01.2015 (nr.: 15/2106), om den ovanfor nemnde bølgebrytaren til nabo ved Gbnr. 108/33, er det nytta plankart frå 1993, sjølv om plankart vart endra i 2003.
- 4) Elektronisk kartgrunnlag, bestilt frå Lindås kommune og som skal vere korrekt. Dette nyttar vi som teikningsunderlag.
- 5) Merknadar frå naboar som legg til grunn at omsøkt tiltak vil kome i konflikt med deira framtidige moglegheit til å legge ut flytebrygge nr. 2, slik illustrert i plankartet.
- 6) I søknad frå 30.01.2015 (nr.: 15/2106) er det sendt inn kart der tiltaket på Gbnr. 108/33 (bølgedempar til eksisterande brygge nr. 1) er teikna inn. Dette plankartgrunnlaget, som er sendt frå Lindås kommune, stemmer ikkje med verken tidlegare plankart, nytt plankart eller forslag til plankart.

Spørsmålet oppstår dermed: Kva kartgrunnlag har kommunen nytta i si tidlegare sakshandsaming og oppmåling av tiltaket si avstand til planen si avgrensing?

Problemet er at dersom ein tek utgangspunkt i at alt ovanfor stemmer, så er dette umogleg. Kartgrunnlaget viser at eksisterande tiltak på nabotomta ikkje er slik det er teikna inn i deira søknad. Vidare har dei sjølve teke utgangspunkt i eit plankart som ville ført til at tiltaket deira kjem heilt i kant med/over plangrensa, medan Lindås kommune kan synast å ha lagt til grunn gjeldande plankart som gjev ca. 4 meter til overs.

Då gjenstår framleis det faktum at eksisterande brygge på 108/515 er 12 meter utanfor grense for plankart. Dette tilseier at nabobrygga med bølgebrytar burde vere ca. 18 meter nærare land. Dette gjev god plass til brygge nr. 2 på naboeigedomen. Ser ein på kartunderlaget så stemmer ikkje dette.

For oss ser det dermed ut som at det har vore mykje feil i søknadane om løyve til tiltak både på Gbnr. 108/515 og for tiltak på naboeigedom Gbnr. 108/33. Det vil ikkje vere rimeleg at dette i sin heilskap skal gå ut over heimelshavar til Gbnr. 108/515, og det er derfor viktig å få saken oppklara. I den samband har vi laga 3 teikningar (vedlagt) til illustrasjon.

Situasjonsplan er laga med Lindås kommune sitt kartgrunnlag. Grensa for gjeldande plan er teikna inn og estimert ut i frå oppmålingar av plankart i målestokk. Denne viser at eksisterande tiltak som vi no søker om er mellom 5,1 og 7,4 meter utanfor grensa. Dette stemmer overeins med kommunen sine kalkuleringar av avstand til plangrense for nabotiltak (ca. 4,3 m). Dette viser at nabobrygga anten er utanfor plangrense, elles så er vårt tiltak mykje nærare grensa enn dei 12 m. vi har fått opplyst. Begge tala kan umogleg kombinerast.

I tillegg har vi laga til situasjonsplan i målestokk 1:500 og 1:1000, der vi har lagt kartgrunnlaget over gjeldande plankart. Dette blir sjølvsagt ikkje 100% korrekt då det er forskjellar her nyare og eldre kart. Vi har likevel målt opp og fastsett fleire kontrollpunkt, slik at dette skal være så korrekt som mogleg ut i frå dei grunnlag vi har tilgjengeleg. Som teikningane her viser er ingen av dei eksisterande bryggene plassert slik omsøkt eller regulert. Det skal likevel vere ein avstand på 27,8 meter mellom omsøkt og eksisterande bølgebrytar, noko som ikkje vil kunne skape konflikt ved eventuell ekstra flytebrygge på nabotomt. Likevel kan ein ut i frå godkjend teikning i saksnr.: 15/2106 få inntrykk av at dette kan bli eit problem.

Som du ser er det her mykje rot. Vi er elles klare til å søke på tiltaket og ser dermed på situasjonen som ekstra frustrerande. Vi håpar at du kan oppklara noko av dette då det ikkje vil vere mogleg å kunne søke på eit tiltak der ein ikkje veit kva grunnlag ein skal forholde seg til.

Ta gjerne kontakt dersom noko er uklårt.

På førehand takk!

Med venleg helsing/Best Regards


**Nina Søvik Mjømen**  
**Jurist, Byggesak**

Direkte: +47 99245581 | Felles: +47 56390003  
Fax: +47 56191130  
Epost: [nina@arkoconsult.no](mailto:nina@arkoconsult.no)



**Hovedkontor - Valestrandsfossen:**  
**Arkoconsult AS**  
Postboks 103, HTB-bygget  
5291 Valestrandsfossen | NORWAY | [www.arkoconsult.no](http://www.arkoconsult.no)

**Avdelingskontor - Voss**  
**Arkoconsult AS**  
Strandavegen 2  
5705 Voss | NORWAY | [www.arkoconsult.no](http://www.arkoconsult.no)

 Vennligst tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten.

